

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet torsdag 05.01.2012 kl. 14.00 i formannskapsalen

SAKLISTE:

- Sak 01/12 - Godkjenning av møtebok frå møte 03.11.2011
- ” 02/12 - Orientering om ROBEEK – registeret
- ” 03/12 - Oppmåling og byggesak (Rådmannen orienterer)
- ” 04/12 - Teneste for ungdom ved helsestasjon (Rådmannen orienterer)
- ” 05/12 - Avtale om driftstilskot veterinærtjenester (Rådmannen orienterer)
- ” 06/12 - Økonomisk informasjon om tap vedkomande gjeldsforvaltninga i Sykkylven kommune (Rådmannen orienterer)

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no.

Odd Jostein Drotninghaug
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 03.11.2011, kl.14.00

Møtestad: formannskapsalen

Møtet vart leia av: Odd Jostein Drotninghaug

Elles tilstades:

Sigmund Valbø, Grethe Melseth, Anita Søvik, Ole Bjørn Roald

=5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Det kom fram merknader til innkallinga som gjekk på feil postadressering til medlemmar av det nye kontrollutvalet. Adressene vart gjennomgått og retta opp. Det kom ikkje fram merknader til saklista.

SAK 26/11

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 05.09.2011

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 05.09.2011 blir godkjent.

SAK 27/11

**ORIENTERINGSKONFERANSE OM ROLLER I KOMMUNEN MED HOVUDVEKT PÅ
KONTROLLUTVAL, REVISJON OG RÅDMANN**

Orientering gitt av dagleg leiar for kontrollutvalsekretariatet og dagleg leiar for kommunerevisjonen.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 28/11 EVENTUEL MØTEPLAN

Temaet vart drøfta, datoar vart ikkje fastsett, men det vart fastsett nokre retningsliner om avvikling av møta.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

- Møta blir haldne på kommunehuset
- Møta blir fortrinnsvis avvikla på torsdagar
- Klokkeslett for møtestart blir kl. 14.00
- Tidsramme ca 2 timar
- Plan for forvaltningsrevisjon blir å behandle i mars 2012

29/11 MULIG TEMA FOR KONTROLLUTVALET

Tema som kontrollutvalet kunne sjå nærare på framover vart drøfta.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vil i starten prioritere følgjande tema:

- Avtale om driftstilskot til veterinærteneste mellom Sykkylven kommune og Storfjord veterinærservice AS
- Teneste for ungdom, helsestasjon
- Rapportar frå AMU vedkomande skolar
- Byggesaksadministrasjon
- Få seg førelagt ei orientering om Robekregisteret

SAK 30/11 2. TERTIALRAPPORT 2011 SYKKYLVEN KOMMUNE

Saksutgreiing frå kontrollutvalsekretariatet datert 26.11.2011.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Det blir vist til § 10 i budsjettforskriftene. Ut i frå dette bør tap/vinst ved swapsjonar leggst inn i talgrunlaget i tertialrapporteringa.
2. Kontrollutvalet stiller seg undrande til formuleringane i rapporten om to underskot og utgiftsføringar av tap på swapsjonar mot seinare inntektsføring.
3. Kontrollutvalet tek forøvrig tertialrapport 2. tertial til orientering.

Odd Jostein Drotninghaug
leiar
(sign.)

Sigmund Valbø
nestleiar
(sign.)

Grethe Melseth
medlem
(sign.)

Anita Søvik
medlem
(sign.)

Ole Bjørn Roald
medlem
(sign.)

SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 22.12.2011

SAK 02/12
OM ROBEKREGISTERET

Robek er forkortinga for "Register om betinget godkjenning og kontroll." Det er eit register over kommunar og fylkeskommunar som må ha godkjenning frå Krd for å kunne føreta gyldige vedtak om låneopptak eller langsiktige leigeavtalar som kan påføre kommunen eller fylkeskommunen utgifter utover dei fire neste budsjettåra.

Før dei nye reglane i kommunelova tredde i kraft i 2001, måtte alle kommunar og fylkeskommunar ha slik godkjenning frå departementet. Med dei nye reglane vart godkjenningsordninga avgrensa til å omfatte kommunar og fylkeskommunar med økonomisk ubalanse. Kommunelova § 60 og § 59 a nr. 1 definerer kva økonomisk ubalanse inneber.

Innføring i Robekregisteret blir gjort dersom:

1. Kommunestyret eller fylkestinget har vedteke å fastsette eit budsjett utan at alle utgifter er dekt inn på budsjettet.
2. Kommunestyret eller fylkestinget har vedteke å fastsette ein økonomiplan utan at alle utgifter er dekt inn i økonomiplanen.
3. Kommunestyret eller fylkestinget etter § 48 nr. 4 andre punktum har vedteke at eit rekneskapsmessig underskot skal fordelast utover det påfølgjande budsjettåret etter at rekneskapsplanen er framlagt.
4. Kommunen eller fylkeskommunen ikkje følgjer vedteken plan for dekking av underskot.

Den enkelte kommune eller fylkeskommune har eit sjølvstendig ansvar for å orientere departementet dersom vilkåra i punkta 1 til 4 er oppfylte.

Registeret er opent for innsyn og det er lagt vekt på at det skal ha både positiv og negativ truverde. Med negativt truverde meiner det at dersom ei kommune eller fylkeskommune ikkje er registrert i ROBEK-registeret, må ein avtalepart kunne gå ut i frå at kommunen eller fylkeskommunen ikkje er underlagt statleg kontroll og godkjenning. Det positive truverdet inneberer at opplysningar som er registrert i registeret, kan leggjast til grunn av ein kontraktspart. Det er også stilt krav om at ein kommune eller fylkeskommune som er registrert i registeret, må orientere sin kontraktspart ved inngåelsen av ein kontrakt som krev godkjenning.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 22.12.2011

**SAK 03/12
OPPMÅLING OG BYGGESAK**

Oppmåling

Dersom ein ønskjer å dele frå ei tomt eller opprette ein festegrunn for meir enn 10 år, må ein søkje kommunen om løyve. Eit slikt løyve er trinn 1 i ein saksbehandlingsprosess der trinn 2 er å halde ei oppmålingsforretning der den nye eininga får eige gards- og bruksnummer (matrikkelnummer). Ved delinga må det ikkje kome til forhold som strir mot plan- og bygningslova eller vedtekter som er gjort etter lova. Derfor er krava til søknaden og saksbehandlinga i kommunen den same som for byggjesøknader. Skal ein søkje om frådeling for ei ekstra bustadtomt på eigedommen, må kommunen ta stilling til om det er mogleg å byggje eit bustadhus av normal storleik og standard på den nye parsellen. Det er ikkje nødvendig med løyve for deling som skjer som ledd i eit jordskrifte i tråd med ein rettsleg bindande plan.

Oppmålingsforretning skal haldast ved:

- Deling av ei matrikkeleining for meir enn 10 år
- Registrere ny matrikkeleining eller festegrunn
- Overføre areal frå ei matrikkeleining til ei anna

Oppmålingsforretning med kartlegging av eigedomsgrensene må vere utført før grunnboksheimelen til matrikkeleininga kan tinglystast.

Ordninga er omfatta av gebyr. Gebyret kan ikkje settast høgare enn det som kjem fram av sjølvkostprinsippet. Dersom kommunen overset fristen for behandling av saka, skal gebyret avkortast med ein tredel. Blir fristen oversete med ytterlegare to månader, skal gebyret avkortast med ytterlegare ein tredel.

Byggesak

Ved nybygg eller endring av bygg vil arbeidet som oftast måtte godkjennast av kommunen før byggestart. Den viktigaste lova for denne verksemda er Plan-og bygningslova. Både ved byggesak og ved oppmåling/frådeling er det viktig for utviklinga i kommunen at desse tenestene blir utført på ein god måte og i rett tid. Dette med "rett tid" er det kontrollutvalet i denne omgangen vil sjå nærare på. Det er viktig at husbyggarar og bedrifter ikkje blir hindra

av ventetid for prosjekt dei ønskjer å realisere. Dersom det er problem med dette, risikerer ein at Sykkylven kommune blir ein mindre attraktiv kommune å etablere seg i. Dersom ein ser på det økonomiske med gebyra, er det også slik at kommunen taper gebyr ved sein saksbehandling.

På bakgrunn av det som er nemnt ovanfor blir rådmannen bedt om å møte i kontrollutvalet for å gjere nærare greie for korleis ordningane fungerer.

Harald Rogne
dagleg leiar

SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 22.12.2011

SAK 05/12
AVTALE OM DRIFTSTILSKOT VETERINÆRTENESTER
(Rådmannen orienterer)

Vedlagt følger avtale om driftstilskot til veterinærtenestene mellom Sykkylven kommune og Storfjord Veterinærservice AS samt kommunestyresak 06/08.

Rådmannen er invitert for å orientere i saka og om kommunestyret sitt vedtak relatert til veterinærtenestene er oppfylt.

Harald Rogne
dagleg leiar

AVTALE OM

DRIFTSTILSKOT TIL VETERINÆRTENESTE

MELLOM

SYKKYLVEN KOMMUNE OG STORFJORD VETERINÆRSERVICE AS

1. Bakgrunn

Denne avtalen byggjer på samarbeidsavtale mellom Stranda og Sykkylven kommunar om økonomisk støtte til eit veterinærføretak for å sikre eit godt tilbod om veterinærtenester i dei to kommunane

2. Partane

Likelydande avtalar er gjort mellom kvar av dei to kommunane heretter kalla *kommunen* og Storfjord Veterinærservice AS, heretter kalla *føretaket*.

3. Føremålet med avtalen

Avtalen skal sikre at veterinærtenesta både i og utanom ordinær arbeidstid vert så rasjonell som råd i dei to kommunane, og sikre ei god samordning med den statlege vaktordninga. Normalt skal det vere minst to veterinærar på plass, og minst ein stasjonert i kvar av dei to kommunane.

4. Kva avtalen omfattar

4.1. Kommunal støtte/driftstilskott

Stranda og Sykkylven kommunar skal etter denne avtalen kvar yte eit årleg driftstilskot til *føretaket* på kr 200 000.

Støtta skal utbetalast til *føretaket* for kvar måned *føretaket* har oppfylt pliktene sine etter denne avtalen. Betalinga skal gjerast utan oppmoding før den 15. i månaden etter. *Kommunen* kan krevje dokumentert at avtalte vilkår er stetta. Dersom hovudvilkåra for støtte ikkje er stetta for ein heil måned, skal den ikkje betalast ut.

Føretaket skal varsle *kommunen* dersom krava i avtalen ikkje er stetta i meir enn ein heil kalendermånad. Dersom midlane er utbetalte på feil grunnlag, kan *kommunen* trekkje i seinare rettkjende utbetalingar.

4.2. Omfanget på tenester som skal ytast

Vedtaka som avtalen er tufta på, er grunngjeven med at næringsgrunnlaget i dei to kommunane er for svakt for to veterinærar på heiltid. Samstundes trengst det to veterinærar for å sikre eit forsvarleg vakhald i denne delen av Ålesund-Stranda vaktområde.

Ledig kapasitet innanfor vanleg arbeidstid, skal *føretaket* nytte til førebyggjande tiltak i dyrehelsetenesta, t.d. til fagmøte for bønder og andre dyrehaldarar. *Kommunen* skal kunne

krevje innsyn i denne aktiviteten.

4.3. Kontorstad

Føretaket skal på det jamne ha minst to tilsette veterinærer slik at minst ein av dei har kontor/vaktstasjon i Stranda og minst ein har kontor/vaktstasjon i Sykkylven.

4.4. Administrasjon

Føretaket har sjølv ansvaret for all eigenadministrasjon, medrekna samordninga av vakthaldet innanfor Ålesund-Stranda vaktområde og vanleg kunngjering av tenestene.

4.5. Informasjon om tenestene

Både kommunane syter for at det vert lagt ut informasjon om tenestene (m.a. telefonnummer) til *Føretaket* på heimesidene.

5. Regulering og oppfølging av avtalen

Ved fyrste årsskiftet etter at avtalen har vore gjeldande i minst 24 månader skal tilskotet, jf pkt. 1, regulerast i samsvar med konsumprisindeksen. Deretter skal det regulerast kvart andre år.

6. Oppseiing

Kvar av partane kan seie opp avtalen med 3 månader varsel.

7. Tvist

Usemje om tolking av avtalen skal løysast av ei skiltdomsnemnd på tre, der partane peikar ut kvar sin deltakar og sorenskrivaren i Nordre Sunnmøre peikar ut leiaren i nemnda.

8. Underskrifter

Sykkylven/Stranda
xx.xx.2011

For Sykkylven kommune

For Storfjord veterinærservice AS

Vedlegg:

- Samarbeidsavtale mellom Stranda og Sykkylven kommunar



Dato: 12.12.2007
Arkivref: 2007/671-8501/2007

Saksbeh.: Henrik Schmidt

Saksnr	Utval	Møtedato
7/08	Formannskapet	14.01.2008
6/08	Kommunestyret	11.02.2008

Veterinærteneste - kommunalt ansvar frå 01.01.08

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Formannskapet i Sykkylven rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Sykkylven kommunestyre vedtek at rammeavtalen, som KS og Den norske veterinærforening har forhandla fram, skal gjelde i Sykkylven frå 1.01.2008
2. Sykkylven kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å gjere avtale med Stranda kommune om å stå føre administrasjonen av vaktordninga i det området som er kalla Stranda-Ålesund
3. Rådmannen får også fullmakt til å gjennomføre avtalen og mellom anna overføre det statlege tilskotet for vaktkompensasjon og administrasjon til Stranda kommune .
4. Sykkylven kommunestyre tek atterhald om at Stranda kommune gjer vedtak om å ta på seg administrasjonsansvaret, og likeeins om at Sula, Giske, Ålesund (og Haram) gjer tilsvarende vedtak om å overlate administrasjonsoppgåva til Stranda kommune.

Saksprotokoll frå møtet i Formannskapet - 14.01.2008

Behandlingsinformasjon:

Formannskapet tilrår samrøystes: Som rådmannen sitt framlegg.

Vedtak:

Formannskapet i Sykkylven rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

5. Sykkylven kommunestyre vedtek at rammeavtalen, som KS og Den norske veterinærforening har forhandla fram, skal gjelde i Sykkylven frå 1.01.2008
6. Sykkylven kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å gjere avtale med Stranda kommune om å stå føre administrasjonen av vaktordninga i det området som er kalla Stranda-Ålesund
7. Rådmannen får også fullmakt til å gjennomføre avtalen og mellom anna overføre det statlege tilskotet for vaktkompensasjon og administrasjon til Stranda kommune . .
8. Sykkylven kommunestyre tek atterhald om at Stranda kommune gjer vedtak om å ta på seg administrasjonsansvaret, og likeeins om at Sula, Giske, Ålesund (og Haram) gjer tilsvarende vedtak om å overlate administrasjonsoppgåva til Stranda kommune.

Saksprotokoll frå møtet i Kommunestyret - 11.02.2008

Behandlingsinformasjon:

Samrøystes vedtak: Som tilrådinga frå formannskapet

Vedtak:

9. Sykkylven kommunestyre vedtek at rammeavtalen, som KS og Den norske veterinærforening har forhandla fram, skal gjelde i Sykkylven frå 1.01.2008

10. Sykkylven kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å gjere avtale med Stranda kommune om å stå føre administrasjonen av vaktordninga i det området som er kalla Stranda-Ålesund
11. Rådmannen får også fullmakt til å gjennomføre avtalen og mellom anna overføre det statlege tilskotet for vaktkompensasjon og administrasjon til Stranda kommune .
12. Sykkylven kommunestyre tek atterhald om at Stranda kommune gjer vedtak om å ta på seg administrasjonsansvaret, og likeeins om at Sula, Giske, Ålesund (og Haram) gjer tilsvarende vedtak om å overlate administrasjonsoppgåva til Stranda kommune.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Frå 01.01.2008 skal kommunane overta ansvaret for tilgang på veterinærtenester, og dermed også for klinisk veterinær vakt. Nødvendig lovendringa vart vedteken i Stortinget 13. desember 2007. Det vil i praksis sei at kvar ein skilde kommune har eit ansvar for å sikre tilfredsstillande veterinærtilgang i sin kommune. Tidlegare har det vore staten ved Mattilsynet som har hatt dette ansvaret.

Jf vedlagt felles orientering frå Landbruks- og matdepartementet (LMD) og Kommunenes sentralforbund(KS).

Saksopplysning

For tida er fungerar tilbodet om veterinærteneste på dagtid rimeleg bra, sjølv om det nok er noko svekka frå den tida det fanst ein statleg tilsett distriktsveterinær på Stranda. Frå den tida har Stranda og Sykkylven hatt eit etablert samarbeid om ein kommunalt støtta veterinær som er busett i Sykkylven og i dag er det i tillegg ein reint privatpraktiserande veterinær på Stranda. Veterinærane opplyser at dei stort sett tek seg av tenestene i sine bustadkommunar, men at dei avløyser kvarandre når ein av dei treng å ha ferie og fridagar.

Vakttjenesta utanom vanleg arbeidstid gjeld i dag eit større område og omfattar Stranda(minus Liabygda og Geiranger), Sykkylven, Sula, Giske og Ålesund (inkludert mindre delar av Haram). I tillegg til dei to veterinærane i Stranda og Sykkylven deltek to veterinærar i Ålesund i vaktordninga. Utvidinga av vaktområdet vart gjennomført medan Mattilsynet hadde ansvaret for desse tenestene. Før det var vaktområdet avgrensa til Stranda (-Liabygda/Geiranger) og Sykkylven.

Samla statleg tilskot til vaktgodtgjering og administrasjonstilskot er kr 150 996 til kvar av dei fem kommunane i vårt område. Kr 10 000 pr kommune skal vere godtgjering for administrasjonsansvaret.

I tillegg har kommunane, kvar for seg eller saman med andre, høve til å søkje staten gjennom fylket om eit tilskot til stimuleringstiltak for å sikre veterinærdekning på dagtid.

Den norske veterinærforening (DNV) og KS har forhandla fram ein rammeavtale om organisering av og godtgjering for deltaking i klinisk veterinær vakt. Jf vedlegg. KS rår alle kommunane til å vedta denne rammeavtala og lage samarbeidsavtalar om interkommunalt samarbeid innafor dei vaktområda som allereie er etablert. Vårt vaktområde er Stranda-Ålesund og omfattar som nemnt kommunane Stranda(minus Liabygda og Geiranger), Sykkylven, Sula, Giske og Ålesund (inkludert mindre delar av Haram) Dei øyremerkte midla er fordelt på kommunane i høve til vaktområde slik at midlane for vaktområde Stranda-Ålesund er fordelt med kr. 150 996,- på kvar av kommunane Stranda, Sykkylven, Sula, Giske og Ålesund. Dette beløpet inneheld både kompensasjon til vakthavande veterinærar jf. rammeavtalen sine satsar og eit administrasjonstilskot på 10 000 kr pr. kommune. Totalt er det altså berekna ein kostnad på kr. 747 000 (inkl. adm.) på vaktområdet Stranda-Ålesund for 11 månader i 2008. Utbetalingane skjer etterskotsvis etter rapportar frå vakthavande veterinærar. Første utbetaling vil altså skje i februar 2008.

Vurdering

Etter drøftingar mellom administrasjonane i nokre av kommunane i vårt vaktområde kan det sjå ut som om Stranda kommune kan vere mest aktuell til å ta på seg administrasjonsansvaret for vaktordninga.

Den kommunen som tek på seg driftsansvaret vil i praksis, på vegne av eiga og andre kommunar, må syte for at vaktordninga fungerer så godt som råd innan for vaktområdet. Den må såleis gjere avtale med kvar av veterinærane som er med i ordninga. Denne avtalen skal vere basert på standardavtalen mellom DNV og KS (jf mal for avtale frå KS).

Vaktansvarleg veterinær for Stranda-Ålesund, i noverande ordning, har vendt seg til ordførarane i området med tilbod om å stå føre den praktiske delen, med oppsetjing av vaktlister og dagleg oppfølging av vakttenesta. Utbetalinga til vakthavande veterinær bør skje gjennom økonomiavdeling i den kommune som har administrasjonsansvaret. Denne kommunen må også ha nødvendig kontakt med fylke/stat for overføring av samla statstilskot og rapportering om vakttenesta.

Av orienteringsskriv frå KS og LMD kan det sjå ut som om dei statlege tilskota pr kommune er meint å dekkje heile kostnaden med vaktordninga, inklusiv administrasjonen. Det må vere rett å prøve å halde seg til denne ramma. Det er likevel forståeleg at dei kommunane som tek på seg administrasjonen ikkje utan vidare ønskjer å sitje att åleine med ein nettokostnad, jf at KS-malen for avtale mellom kommunane(Standardavtale for samarbeid..), opnar for at driftsansvarleg kommune kan fakturere del av nettokostnader til partane i avtalen. At slike nettokostnader er nødvendige bør vere rimeleg godt dokumentert.

Erling Solsletten
rådmann

Bjarte Hovland
einingsleiar

Vedlegg:

- 1 Kommunane får ansvar for tilgang på veterinærtenesta, herunder klinisk veterinær vakt frå 1.1.2008
- 2 Sykkyl-Innk--2007-11-20-12-40-40-.pdf
- 3 rundskriv komm vakttjeneste vet.doc
- 4 Overføring av ansvar for veterinære tjenester og veterinær vakt til kommunene - informasjon fra Den norske veterinærforening.html



DET KONGELIGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT



Landets kommuner

Sykehuset
F/S.NR. 7/07
L.NR.: V.50

Avd.: H.S.:

Deres ref

Vår ref
200600143

Dato
16.10.2007

Kommunene får ansvar for tilgang på veterinærtjenester, herunder klinisk veterinæravakt, fra 1.1.2008

Regjeringen tar sikte på å overføre ansvaret for å sikre tilfredsstillende veterinærtilgang til kommunene fra 1.1.2008. Reformen har en total kostnad på ca. 109 millioner kroner og skal finansieres ved øremerkede tilskudd fra Landbruks- og matdepartementet (LMD). Reformen forutsetter en lovendring, se Ot.prp. nr. 68 (2006-2007), som ligger til behandling i Stortinget og vedtak om bevilgninger.

KS og LMD har innledet et samarbeid om de praktiske forberedelsene til ansvarsoverføringen, og ønsker med dette brevet å gi informasjon som skal være til hjelp for kommunene når de forbereder seg på den nye oppgaven. Noe informasjon er allerede lagt ut på KS' hjemmesider. Ytterligere informasjon blir gitt etter at Stortinget har behandlet lovproposisjonen og statsbudsjettet for 2008.

Kommunenes oppgaver etter reformen

I følge lovforslaget vil kommunene få ansvar for tilgangen på veterinærtjenester, herunder videreføring av klinisk veterinæravakt. Kommunene vil få frihet til å bestemme hvordan de vil dekke behovet for veterinær. De fleste steder vil næringsgrunnet sammen med vaktordningen være tilstrekkelig. I enkelte områder vil imidlertid arbeidsmengden og inntekten fra tradisjonell klinisk praksis ikke være tilstrekkelig, og det vil være nødvendig med stimulerings tiltak. Kommunene kan søke fylkesmannen om midler til finansiering av eventuelle tiltak. Samarbeidsløsninger med nabokommuner vil ofte kunne være praktisk.

Postadresse	Kontoradresse	Telefon	Avdeling matpolitikk	Saksbehandler
Postboks 8007 Dep	Akersgt. 59	22 24 90 90		Stein Ivar Ormsettrø
0030 Oslo		Org.no.	Telefaks	22 24 93 19
		972 417 874	22 24 91 50	

KS' rolle

Med utgangspunkt i dagens vaktordning må det etableres et nytt formelt grunnlag for de vaktordninger mv. som kommunene får ansvar for. KS har som intensjon at slike ordninger blir forankret i en sentral rammeavtale mellom KS og Den norske veterinærforening (DNV), og en slik løsning er drøftet med DNV. Rammeavtalen vil regulere fremtidige godtgjøringer og inndeling i vakt-distrikter m.m. Rammeavtalen må utarbeides før reformen trer i kraft og vil avløse gjeldende forskrift og vaktavtale med virkning fra 1.1.2008.

KS vil således få en sentral rolle i forhold til å avtale hvilke vilkår som skal gjelde for kliniske vaktordninger mv. etter 1.1.2008.

Statens landbruksforvaltnings (SLF) og fylkesmennenes rolle

SLF vil forvalte tilskuddene, herunder gi tildelingsbrev til Fylkesmennene (FM), og føre kontroll. Tilskudd til vaktordning vil fordeles av FM til kommunene i samsvar med organiseringen av vaktområder fra 1.1.2008. Stimuleringsstilskuddet fordeles etter søknad fra kommunene til FM som foretar prioriteringene. Tildeling av tilskudd til kommunene defineres ikke som enkeltvedtak i henhold til forvaltningsloven. Kommunene har således ikke klageadgang etter forvaltningsloven. SLF utarbeider et rundskriv om forvaltning av tilskuddene.

Økonomiske forhold

Ressursene som overføres fra staten til kommunene for å finansiere reformen, utgjør totalt ca. 109 millioner på årsbasis. I utgangspunktet består disse av tre elementer:

- ✓ Vakttilskudd (ca. 90 mill. kroner). En tar sikte på at vakttilskuddet for 2008 fordeles kommunevis i samsvar med organiseringen av vaktordningen ved ansvarsoverføringen fra staten til kommunene.
- ✓ Stimuleringsstilskudd (ca. 12 mill. kroner). Nye midler som kommunene skal benytte til stimuleringsiltak for å sikre tilgang på veterinærtjenester på dagtid. Midlene vil bli prioritert til distriktskommuner med lavt dyretall og store avstander, anslagsvis en fjerdedel av landets kommuner.
- ✓ Administrative tilskudd (ca. 4 mill. kroner). Nye midler for å dekke kommunenes administrative kostnader. Midlene fordeles likt til alle landets kommuner.

Tilskudd til stimuleringsiltak

Som nevnt ovenfor vil det bli avsatt ca. 12 millioner kroner til tilskudd til enkelte kommuner som iverksetter tiltak for å stimulere veterinærdekningen. FM prioriterer fordelingen på bakgrunn av søknader fra de aktuelle kommunene.

Det er kommuner med lavt dyretall, store avstander og følgelig dårlig næringsgrunnlag for veterinære tjenester som vil bli prioritert. Følgende områder er ansett å være mest aktuelle: Finnmark, Indre Troms, Kyststrøk i nordre Nordland, Øysamfunn og indre strøk i Helgeland, deler av kyst- og øysamfunn i Trøndelag og Møre og Romsdal, Indre

Postadresse	Kontoradresse	Telefon	Avdeling matpolitikk	Saksbehandler
Postboks 8007 Dep 0030 Oslo	Akersgt. 59	22 24 90 90 Org no. 972 417 874	Telefaks 22 24 91 50	Stein Ivar Ormsettrø 22 24 93 19

strøk i Hordaland, Agder og Telemark samt Østerdalen. Kommuner utenfor disse områdene vil bare unntaksvis bli prioritert.

Kommunene oppfordres til å være kreative i forhold til hvilke tiltak de iverksetter for å sikre veterinærdekningen. Vi regner med at noen kommuner vil opprette kommunale stillinger der vedkommende i tillegg til å utføre oppgaver for kommunen (for eksempel innen næringsutvikling eller skoleverk) også dekker behov for dyrehelsetjenester. Etableringstilskudd eller driftsstøtte kan også være aktuelt. Andre ordninger som rimelige lokaler, tomter, jobbtilbud til andre medlemmer i husstanden og andre økonomiske virkemidler kan også være hensiktsmessige for å sikre tilfredsstillende tilgang på dyrehelsepersonell. Andre stimulerings tiltak kan tenkes, og ytterligere konkretisering må overlates til kommunen. Stimuleringstilskudd kan ikke benyttes til å dekke kostnader til klinisk veterinær vakt utenom ordinær arbeidstid, da disse dekkes av eget tilskudd omtalt ovenfor. Det oppfordres til samarbeidsprosjekter mellom flere kommuner for å få mest mulig effekt av midlene. Avhengig av søknadsmengden vil det kunne bli aktuelt å gi noe større tilskuddsbeløp i etableringsåret slik at kreative løsninger kan utprøves og eventuelt tas i bruk av flere i påfølgende år. Kommunene må kunne dokumentere bruken av midlene gjennom sine regnskaper.

I 2008 vil stimuleringstilskudd bli fordelt i to omganger. 75 % fordeles innen utgangen av februar. Resten fordeles innen utgangen av mai. I den forbindelse kan det også være behov for å omfordele mellom fylker.

Kommunenes søknad om stimuleringstilskudd må sendes fylkesmannen innen 15.12.2007 og må inneholde en kort beskrivelse av situasjonen når det gjelder veterinær tjenesteyting i kommunen og en beskrivelse av hvordan eventuelle tildelte midler vil bli brukt.

Med hilsen



Per Harald Grue
Departementsråd
Landbruks- og matdepartementet



Olav Ulleren
Adm. direktør
KS

Kontaktpersoner:

Arne Norum (KS): telefon: 2413 2968 / 915 24 649

Stein Ivar Ormsettrø (LMD): telefon: 22249319 / 992 98 477

Kopi til: Fylkesmennene, Statens landbruksforvaltning. Den norske veterinærforening

Postadresse	Kontoradresse	Telefon	Avdeling matpolitikk	Saksbehandler
Postboks 8007 Dep 0030 Oslo	Akersgt. 59	22 24 90 90 Org no. 972 417 874	Telefaks 22 24 91 50	Stein Ivar Ormsettrø 22 24 93 19